



ÅRSMELDING 2014

Generelt.

I/S Fjordvegen Rute 13 er eit interesseselskap for den viktige indre samferdselsåra Rv/Fv 13 på Vestlandet som går gjennom dei 3 fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

Fjordvegen Rute 13 er ei livsnerve for kommunane den går gjennom, både for næringsliv/turisme og innbyggjarar.

Fjordvegen Rute 13 har Riksvegstatus på strekninga Sandnes-Røldal – Røldal/Jøsendal (saman med E 134) - Jøsendal/Odda – Voss-Vik/Vangsnes-Hella (tilslutta med Rv 55 Hella-Sogndal) og Fylkesvegstatus på strekninga Dragsvik-Gaular-Moskog/Førde.

Fv 13/Rv 13 har turistvegstatus på strekningane Moskog/Førde- Balestrand, Kinsarvik – Tyssedal og Røldal-Forsand.

Nye vedtekter godkjende på Årsmøtet 2013 (Vedlagt)

Nye vedtekter for eit revitalisert IS Fjordvegen vart lagt fram av styret og vedteke på Årsmøtet 06.06.2013.

Her er fokus på vegbygging med slikt føremål:

1. Å arbeida for utbygging av Fv/Rv13 slik at denne blir ein trygg veg med gjennomgåande høg standard og gul midtstripe for heile strekninga.
2. Å marknadsføra vegstrekninga som ei effektiv og vakker transportåre og som den indre stamvegen frå Nord – Jæren til Sunnfjord».

Styret:

Styret har 8 styremedlemer. Det er 5 årsmøtevalde for 2 år om gongen og 3 valde frå Fylkeskommunane for ein 4-årig valbolk. Styret skal ha møte så ofte som arbeidet krev det. Styret skal driva selskapet for utvikling, pådriving og gje uttalar på vegne av organisasjonen.

Styret har i 2013 halde 5 styremøte (eitt møte avlyst grunna uver) og handsama 37 saker i tillegg til Årsmøtet 2014 som vart halde i Balestrand 17.06.2014.

Styret i 2014:

2013/2015 (på val 2015):

Bjørn Laugaland, Hjelmeland

Sigbjørn Hauge, Voss

John Opdal, Odda

2014/2016 (ikkje på val 2015)

Marta Finden Halset, Vik i Sogn - Styreleiar

Torkel Myklebust, Suldal - Styrenestleiar

2014/2015 Varamedlemmer i rekkefølge:

1. Harald Offerdal, Balestrand
2. Edmund Utne, Hotel Ullensvang
3. Trine Danielsen, Hjelmeland

2011/2015 Fylkesvalde:

Per Kåre Foss Rogaland fylkesk varamedlem: Gustav Løge Fosse

Einar Horvei, Hordaland Fylkesk varamedlem: Gard Folkvord

Anders Ryssdal S&F Fylkesk varamedlem: Laila Rinde

Valnemnd 2015 : Hans Petter Thorbjørnsen, Nils Moldøen, Trude Underbakke.

Administrasjon.

IS Fjordvegen Rute 13 kjøper administrative tenester hjå Hardangerrådet iks. Dagleg leiar i Hardangerrådet iks Leiv Vambheim, er også dagleg leiar i IS Fjordvegen Rute 13 og saman med konsulent Trude L. Rinaldo er sekretariat for selskapet.



Profileringsmedarbeidar Hanne Sundbø er tilsett i Hardangerrådet frå 01.10.2013 - 30.09.2015 med oppgåve å profilera IS Fjordvegen Rute 13.

Hardanger Økonomiservice as har ført rekneskapen og Indre Hordaland Revisjonsdistrikt harvore revisor for selskapet i 2014.

Medlemskap.

Medlemskap: Alle som støttar føremålet, kan verte medlem og betala etter kategori.

I året 2014 har selskapet 13 kommunar, 2 regionråd, 3 næringsforeningar, 3 fylkeskommunar og 7 verksemder som medlemar (pr 31.12.):

Sandnes Kommune Postboks 583 4305 SANDNES

Ulvik herad Skeiesvegen 3 5730 ULVIK

Sauda kommune Postboks 44 4201 SAUDA

Strand kommune Rådhusgt. 4100 JØRPELAND

Hjelmeland kommune 4130 HJELMELAND

Suldal kommune Eidsvegen 7 4230 SAND

Forsand kommune 4110 FORSAND

Odda kommune Oppheimsgt.31 5750 ODDA

Eidfjord kommune Simadalsv. 1 5783 EIDFJORD

Ullensvang herad 5780 KINSARVIK

Voss kommune PB 145 5701 VOSS

Balestrand kommune Rådhuset 6899 BALESTRAND

Vik kommune PB 134 6891 VIK I SOGN

Sogn og Fjordane fylkeskommune 6863 LEIKANGER

Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN

Rogaland fylkeskommune Postboks 299 4002 STAVANGER

Hardangerrådet iks PB 78 5782 KINSARVIK

Ryfylke iks 4130 HJELMELAND

Næringsforeningen i Stavanger-regionen Pb 182 4001 STAVANGER

Vik Næringssamskipnad 6893 VIK i Sogn

Ullensvang Næringsforum Pb 73 5782 KINSARVIK

Stiftelsen Preikestolen PB 199 4126 JØRPELAND

Hardangerbrua 5781 LOFTHUS

Folgefonnntunnelen A/S 5470 ROSENDAL

Felleskjøpet Rogaland Agder, Pb 208 4001 STAVANGER

Myrkdalen Fjellandsby, 5713 VOSSESTRAND

Marine Harvest Region Sør, 4130 HJELMELAND

Hotel Ullensvang 5781 LOFTHUS

Kontingentane for 2014:

Medlemskategori 1: Kommunar kr 30.000

Medlemskategori 2: Næringssselskap/Interesseselskap over 50 medlemmer kr 10.000

Medlemskategori 3: Næringssselskap/Interesseselskap inntil 50 medlemmer kr 5.000

Medlemskategori 4: Andre kr 2.500

Medlemskategori 5: Fylkeskommunar kr 60.000

Kort om arbeid i selskapet i 2014.

Stor KVU for Rv 13 stansa – parsellvis bygging langs Rv 13.

Vegdirektoratet starta, etter beskjed frå Samferdselsministaren, å utarbeida ein samla KVU for RV 13. Bakgrunnen for dette var dei mange og store behova for veginvesteringar langs denne vegen. IS Fjordvegen såg at å venta på ein samla KVU kunne føra til ei forseinking av parsellvis bygging av heilt nødvendig rassikring og vegbygging langs ruta.



IS Fjordvegen bad i 2014 Samferdselsdirektoratet om at dette vart stansa med utgangspunkt i denne pressemeldinga frå Samferdselsministaren:

«For større vegprosjekt der det i hovudsak er aktuelt med utbetring av eksisterande veg, bør ein i mange tilfelle gjera unntak for kravet om såkalla konseptvalutgreiing, KVVU. Fleire vegprosjekt i regionen fell inn under unntaket», mellom andre:

Riksveg 13 Strand-Røldal, i Rogaland og Hordaland
Riksveg 13 Vinje-Vik, i Hordaland og Sogn og Fjordane
Riksveg 13 Odda-Bu, Hordaland
Riksveg 13 Rv 55 Vik-Sogndal, Sogn og Fjordane
Statsbudsjettet 2015 gir gode muligheiter for Rv 13.

Saman med kommunar, fylkeskommunar og andre har IS Fjordvegen påverka for å få Rv 13 prosjekt med i Statsbudsjettet 2015. Desse postane gjev grunnlag for optimistisk vegaktivitet dei komande åra:

Riksveg 13 Sogn og Fjordane

- I budsjettforslaget er det satt av midlar til planlegging av prosjektet riksveg 13 Vangsnes – Vik.

Riksveg 13 Hordaland

- I budsjettforslaget prioriteres midler til å starte arbeid med skredsikring av Jobberget på riksveg 13 i Granvin kommune. Det legges opp til at anleggsarbeidet tar til våren 2015, og prosjektet ventes åpnet for trafikk i 2016, som tidligere forutsatt.
- Det er også prioritert midler til å starte arbeidene med skredsikring av riksveg 13 Deildo i Ullensvang kommune. Anleggsarbeidet skal etter planen startes i august neste år, og prosjektet ventes åpnet for trafikk i 2017.
- Det er satt av midler til planlegging av prosjektet riksveg 13 Oddadalen i Odda kommune.

Riksveg 13 Rogaland

- 500 millioner kroner er foreslått til prosjektet Riksveg 13 Ryfast. Av dette forutsettes 71,3 millioner kroner i lokale tilskudd og 359 millioner kroner stilt til disposisjon av bompengeselskapet. Prosjektet er i alt 20,7 km langt og omfattar to undersjøiske toløps tunneler mellom Stavanger og Hundvåg og mellom Hundvåg og Solbakk i Strand kommune. Hundvågtunnelen er om lag 5,7 kilometer og Solbakktunnelen er 14,3 kilometer lang. Ryfastprosjektet vil, sammen med prosjektet E39 Eiganestunnelen i Stavanger, gi ferjefritt vegsamband mellom Nord-Jæren og Ryfylke. I tillegg vil Hundvågtunnelen gi bydelen Hundvåg/Buøy et nytt fastlandssamband og avlaste Bybrua i Stavanger. Anleggsarbeidene startet i desember 2012. Prosjektet ventes åpnet for trafikk i 2019.
- Til skredsikringsprosjektet "Riksveg 13 Tysdalsvatnet" er det foreslått en statlig bevilgning på 136 millioner kroner. Beløpet skal i sin helhet gå til refusjon av tidligere forskutterte midler fra Rogaland fylkeskommune.

Profileringsarbeidet 2014:

Profileringsmedarbeidar Hanne Sundbø har på grunnlag av profileringsarbeid i IS Fjordvegen Rute 13 gjort store nye endringar i profilarbeidet i selskapet.

Vidareutvikling av heimesida www.fjordvegen.no med nærings-medlemmer presentert samt Facebook-profil oppdatert kvar veke.

To utgåver av det nye medlemsskrivet Fjordvegendrøsen som fortel om det som rører seg i og rundt vegselskapet og medlemmane.



Brosjyren «Det skal bli gult og kult» kom ut i oktober med fokus på næringslivet sitt vegbehov langs Rv 13 og er spreidd til alle medlemmer samt media. Medlemspleie og –rekruttering med bedriftsbesøk og oppfølging av næringsforeiningane.

Årskonferanse med fagtema var avhalde 17. juni etter årsmøtet i Balestrand med ca 30 deltakarar. Professor Jørgen Amdam var ein av trekkplastrar. Det blei god pressedekning, m.a. frå NRK Sogn & Fjordane.

Attraktivitetsanalyse for «Fjordveg-regionen».

Telemarksforsking vidareutviklar årleg modellen for kor attraktive kommunar og tettstader er for bustadtilbod, bedriftsetablering og besøkjande. IS Fjordvegen har bestilt ein slik attraktivitetsanalyse for sine kommunar langs Rute 13 for å få status på dei ulike kommunane sine føremøner og utfordringar med tanke på framtidutviklinga. IS Fjordvegen er særleg oppteken av kva gode og rassikre vegar har for stadutviklinga samt reiselivet sine mulegheiter.

Attraktivitetsanalysen for IS Fjordvegen Rute 13 vert presentert på Årskonferansen 2015 i Suldal.

Statusrapportar frå utviklinga av Rv/Fv 13 i dei 3 fylka.

Kvart styremøte har ein eigen post der styremedlemmene oppdaterer kvarandre om kva som skjer på vegsektoren for Rv/Fv 13 i sine område. På denne måten kan styremedlemmene sjå heile Fjordvegen samla og kan bruka informasjonen til vidare arbeid for regionane sine egne prosjekt. Det skjer gledeleg mykje langs Rv/Fv 13 og mange planar er under arbeid. Den gule stripa et seg framover meter for meter. Saman med flinke kommunar og vegselskap, langs og i tilknytning til Rv/Fv 13, vert det tunnelar, bruer, utbetringar og rassikring. IS Fjordvegen Rute 13 understrekar at selskapet vil vera ein profilert medspelar, pådrivar og reiskap for all aktivitet som betrar Rv/Fv13, men er avhengig av aktive kommunar og vegselskap og kan ikkje overta for desse.

Handlingsplan 2014-2017

Årsmøtet 2014 godkjende Handlingsplan for dei komande åra. Kort rapportering for dette arbeidet vert gjeve her:

1. Profileringsplan

Det nye medlemsskrivet Fjordveg-drøsen kom med to nummer i 2014.

Total revisjon av heimeside (www.fjordvegen.no) og brosjyre er fullførte. Heimesida krev regelmessig oppfølging for å vera oppdatert. Funksjonen er å dekke behovet for grunnleggjande informasjon om selskapet samt nytt frå styret.

Facebook-profil med oppdatering kvar veke viser nytt om politiske og administrative tiltak rundt Rv 13 samt lokale debatt-tema om samferdsel, reiseliv og samfunnsutvikling.

Styret har invitert inn kommunane Høyanger, Leikanger, Sogndal og Luster med i selskapet for å dra nytte av Rv 13 si naturlege forlenging på Rv 55 (Vadheim – Sognefjellet). Dette vil gje den indre stamvegen på Vestlandet styrke som alternativ veg for E 39 mellom Sandnes/Stavanger til Trondheim samt få fokus på tverrsambandet frå Rv 13 til E39 i Sogn. Det er tatt tilsvarende initiativ ovafor Stavanger kommune.

2. Påverknad

Styret føl aktivt med kva som røre seg i fylkeskommunane og statlege vegsaker som vedkjem Rv/Fv13.



Tidlegare styreleiar Arne Kleppa og Hanne Sundbø orienterte i februar samferdselsutvalet i Sogn & Fjordane på møte i Gulen, medan Leiv Vambheim orienterte tilsvarande i Hordaland sitt samferdselsutval på møte i Bergen.

Profileringsmedarbeider og styreleiar har delteke på Nasjonal Rassikringskonferanse i november og gav innspel frå IS Fjordvegen Rute 13. Stans av KVVU for RV 13 er viktig for den parsellvise utbygginga av Rv 13. Profileringsmedarbeidar og styremedlemmer har invitert seg inn til Næringsforeiningar og kommunar i løpet av året og nokre møte er avhaldne.

Det er halde løpande kontakt med turistvegkontoret og destinasjonsselskap. Styret har som mål å vitja Samferdseldirektoratet i 2015 for å fortelja om Rv 13 sine behov i samband med rulleringa av Nasjonal Transportplan.

3. Medlemskap

Medlemskapen er stabil. I samband med Funksjonsreforma så er Fjordvegen blitt Fylkesveg 13 mellom Balestrand og Førde. Gaular kommune har trekt seg ut or Selskapet frå og med 2015. Hjelmeland Vekst er oppløyst og difor ikkje medlem lenger.

I samband med at Rv 13 skal gå frå Sandnes via Stavanger og Ryfast, blir Stavanger kommune invitert som nytt medlem.

Frå 2014 er nye medlemmer Felleskjøpet Rogaland Agder, Myrkdalen Fjellandsby, Marine Harvest Region Sør, Hotel Ullensvang. Suldal Næringsforeining er innmeld frå og med 2015. Det blir arbeidd aktivt med å få fleire medlemmer.

Kommentarar til rekneskapen. Vidare drift.

Rekneskapen for 2014 er ført etter rekneskapslova som eige selskap av Hardanger Økonomiservice og revidert av Indre Hordaland Revisjonsdistrikt. Rekneskapen for 2014 viser at selskapet hadde medlemsinntekter på 687.000 kr og driftsutgifter på om lag 783.000 kr. og renteinntekter er på 16.707 kr. Driftsresultatet er på minus 77.700 kr. Eigenkapitalen er på 648.420 kr. pr 31.12.2014.

I samband med offensiv satsing på at profileringsarbeidar skal utvikla nye profileringsverktøy og reisa og selja selskapet inn til nye aktørar, så er underskotet innanfor forsvarleg økonomisk drift. Overskot og underskot vert ført mot eigenkapitalen i selskapet som framleis er solid i høve selskapet sin aktivitet.

Diverse.

Arbeidsmiljø og personale.

Selskapet har ikkje egne tilsette, men kjøper sekretærenestene og proflieringstenester frå Hardangerrådet iks, der Leiv Vambheim var dagleg leiar i begge selskapa i 2014.

Likestilling.

Selskapet sitt styre er 7 menn og 1 kvinne og varamedlemmene i styret er 4 menn og 2 kvinner.

Miljø.

IS Fjordvegen si drift ureinar ikkje det ytre miljøet.



Lofthus 25.03.2015

.....
Marta Finden Halset
Styreleiar

.....
Torkel Myklebust
Nestleiar

.....
Bjørn Laugaland
Styremedlem

.....
Sigbjørn Hauge
Styremedlem

.....
John Opdal
Styremedlem

.....
Per Kåre Foss
Styremedlem

.....
Einar Horvei
Styremedlem

.....
Anders Ryssdal
styremedlem

.....
Leiv Vambheim
Dagleg leiar